



Møtebok

Arbeidutvalet, Villreinnemda for Setesdalområdet

Telefonmøte

6. mai 2016, kl.10:00 - 10:45

Faste medlemmar tilstades:

| | | |
|------------------------|--------------|------------|
| Tommy Vatslid | Nestleiar | Bykle |
| Torbjørn Fjermestad | Arbeidsutval | Gjesdal |
| Lill Synnøve Laugaland | Arbeidsutval | Hjelmeland |
| Mona Riis | Arbeidsutval | Kviteseid |
| Margit Smeland | Leiar | Åmli |

Faste medlemmar ikkje tilstades::

Frå administrasjon:

Jarle Lunde, sekretær

Sakliste

- Sak 12/16: Uttale til søknad om dispensasjon til å bygge Langvassåni og Pytten kraftverk i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde
- Sak 13/16: Endring av vald SA1, Bykle
- Sak 14/16: Nye grenser mellom vald SE-06 Haukelidsæter og SE-05 Haukelid
- Sak 15/16: Referatsaker/Eventuelt

Suldal 6. mai 2016

Jarle Lunde
Sekretær



SAK 12/16

Uttale til søknad om dispensasjon til å bygge Langvassåni og Pytten kraftverk i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernombord

| Utval | Møtedato | Sakshandsamar: |
|--------------------------------|----------|----------------|
| Arbeidsutvalet i villreinnemda | 06.05.16 | Jarle Lunde |

Bakgrunnsdokument

- [Søknad om dispensasjon](#)
- [Småkraft AS: Konsesjonssøknad for Langvassåni, Pytten og Skothomtjønn kraftverk](#)

Bakgrunn

Småkraft AS har søkt konsesjon for bygging av Skothomtjønn, Langvassåni og Pytten kraftverk. Dei to sistnemnde prosjekta krev dispensasjon frå vernebestemmelse til Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernombord (SVR). Det er denne dispensasjonssøknaden som no er sendt på høyring frå forvaltingssekretariatet for SVR.

Dispensasjon blir begrunna med at eit ønskje om å utnytte eigedommen meir tidsriktig og for å kunne tilrettelegge for auka bruk. Bygging av kraftverket vil kunne gi betre moglegheit for å oppretthalde gardsbruket Pytten. Begge kraftverka ligg i Bygland kommune i Aust Agder.

Frå samandraget i konsesjonssøknad


«Langvassåni kraftverk vil utnytte vannføringen fra et felt på 29,3 km² i Langvassåni i Bygland kommune. Kraftverket vil utnytte et fall på 76 m mellom kote 780 moh og kote 704 moh.

Langvassåni kraftverk vil få en innstallert effekt på maks 1,0 MW og er beregnet å produsere om lag 4,66 GWh i et midlere år. Med en utbyggingskostnad på 30,9 millioner kroner gir dette en utbyggingspris på 6,63 kr/kWh.

Tiltaket vil øke belastning på natur og landskap i begrenset omfang.

Det er planlagt slipp av minstevannføring tilsvarende 5 persentil sesongvannføring, dvs. 160 l/s for sommersesongen og 130 l/s for vintersesongen. Langvassåni inngår i nasjonal verneplan for vassdrag.

Pytten kraftverk vil utnytte vannføringen fra et felt på 90,3 km² i Pytten i Bygland kommune. Kraftverket vil utnytte et fall på 20 m mellom kote 724 moh og kote 704 moh.



Oversiktskart

Tiltaksområde.

Pytten kraftverk vil få en installert effekt på maks 1,0 MW og er beregnet å produsere om lag 4,39 GWh i et midlere år. Med en utbyggingskostnad på 25,3 millioner kroner gir dette en utbyggingspris på 5,76 kr/kWh.

Tiltaket vil øke belastning på natur og landskap i begrenset omfang.

Det er planlagt slipp av minstevannføring tilsvarende 5 persentil sesongvannføring, dvs. 550 l/s sommersesongen og 380 l/s for vintersesongen. Pytten inngår i nasjonal verneplan for vassdrag.»

- Inntak i Langvassåni blir utført som ein utgravd kulp med ein opptil 2 høg og ca 10 meter lang betongterskel. Vatnet ledes i nedgravd i ein 1360 meter lang røyrgate til kraftstasjonen som plasserast saman med Pytten kraftverk.
- Inntak for Pytten krafterk er tenkt utført som betongterskel opptil 2,5 meter høy. Lengden blir ca 15 meter i elveløpet. Vannvegen er planlagt som nedgravd røyrgate på heile strekningen på 500 meter ned til kraftverket.
- Røyrgatetrase for det tredje kraftverket, Skothomtjønn (som ikkje er sak i denne omgang), vil ha bærekraftig dekke for evt. Seinare tilkomst til kraftstasjon i Pytten og Langvassåni.

Vurdering

Villreinen i området

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. I dag utgjer villreinen i Norge siste rest av denne arten i Europa, og stammen i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei er den sørlegaste førekomensten. Desse heirområda utgjer dermed dei sørlegaste fjellområda i Europa med intakte høgfjellssystem som inkluderer villrein.

I følgje konsesjonssøknad nyttast tiltaksområde av villrein heile året. I hovudsak har området funksjon som vinterbeite (for alle dyr) og barmarksbeite (for bukk). Villreinen bruk av den søndre del av leveområde, der tiltaksområdet ligg, er redusert i dei seinare år. I eit nytt villreinprosjekt i Setesdal-Ryfylke frå 2013 er det eit overordna mål å auke reinen sin bruk av villreinområda. I periodar med nedising av beite i dei meir sentrale leveområda kan randområda syna seg å vere svært viktige.

I 2013 blei regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) godkjent der omsynet til villreinen står sentralt. Det omsøkte utbyggingsområdet ligg innanfor grensene som er sett for nasjonalt villreinområde. I denne sona skal villreininteressene tilleggas stor vekt i all arealforvaltning. Når det gjeld kraft heiter det i planen at ein bør unngå nye kraftanlegg, men at det kan gjerast unntak for tiltak som ikkje innebere vesentleg negativ betydning for villreinen. Når det gjeld omsøkt prosjekt reagerer villreinen lite på faste installasjonar. Inntak og nedgrave røyrgate har dermed i seg sjølv eit lågt konfliktpotensial. Korleis kraftverka med støy vil påverke reinen er meir usikkert. Anleggsfasen og seinare tilsyn i driftsfasen vil vere av negativ betydning for villreinen.

Setesdal Vesthei er frå naturen si side eit marginalt villreinområde med særleg avgrensa tilgang til vinterbeite. Eit anna sær preg er ei rekkje tyngre naturinngrep som har bidrige til ei vesentleg fragmentering av området og som påverkar leveområda til villreinen. I tillegg til kraftutbygging er det vegutbygging, hytteutbygging, ferdsel med meir. Med bakgrunn i dette er det vesentleg at ein i ulike saker knytt til arealdisponering vurderer den totale belastninga villreinen er utsett for. Ein må unngå at ein bygger ned villreinen leveområde bit for bit.

Verneverdiar og heimelsbakgrunn

I kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombordet heiter det:

1. *Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.*
2. *Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa.*

Vidare heiter det (kapittel IV punkt 1.1) at “*Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter*”. *Her blir det i forskrifta rekna opp mange typar inngrep, bl a vassdragsregulering.*

Verneområdestyret sin heimel til å fatte vedtak om dispensasjon frå verneforskriftene er naturmangfaldlova § 48, første ledd:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Slik sekretæren vurderer det kjem inncrepa i konflikt med verneformålet. Villrein er ein sentral verneverdi og ein viktig årsak til opprettning av verneområdet. Kravet om at tiltaket ikkje skal påverka "nevneverdig" inneber at dispensasjonsmoglegheiten er snever. Eit moment er og moglegheitene for presedensverknader. Om det blir gitt løyve til utbygging i verneområde, vil dette kunne signalisere at eit vern ikkje er til hinder for vasskraftutbygging. Dette gjeld lokalt rundt verneområdet, men og i landet elles.

Dersom inncrepa stirr med verneformålet, skal tiltaket altså være av "vesentlig samfunnsinteresse" for at det skal kunne gis dispensasjon. Jfr "Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter" (Miljødirektoratet) ligg det i dette at det må vere tungtvegande grunnar av nasjonal mening slik som t.d. viktige kommunikasjonsanlegg. Saker som har lokal/regional tyding er ikkje rekna for å vere tilstrekkeleg som grunnlag for dispensasjon etter dette vedtaket.

Framlegg til uttale

Småkraft AS har søkt konsesjon for bygging av Langvassåni og Pytten kraftverk. Prosjekta krev dispensasjon frå vernebestemmelse til Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernombord (SVR).

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. Det omsøkte utbyggingsområde ligg innafor grensene som er satt for nasjonalt villreinområde. For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare vil redusere leveområda. Villreinstamma utgjer ein heilt sentral verneverdi i verneområda.

Villreinnemda for Setesdalsområdet er negative til ei utbygging av Langvassåni og Pytten kraftverk. Me kan ikkje sjå at prosjektet oppfyller vilkåra stilt i naturmangfaldlova § 48 for å kunne dispensere frå verneforskriftene.

Arbeidutvalet syner elles til saksutgreiinga.

Saksprotokoll, arbeidsutvalet i villreinnemda – 06.05.16

Framlegg til uttale blei samråystes vedteke.

Uttale

Småkraft AS har søkt konsesjon for bygging av Langvassåni og Pytten kraftverk. Prosjekta krev dispensasjon frå vernebestemmelse til Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernombord (SVR).

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. Det omsøkte utbyggingsområde ligg innafor grensene som er satt for nasjonalt villreinområde. For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare vil redusere leveområda. Villreinstamma utgjer ein heilt sentral verneverdi i verneområda.

Villreinnemda for Setesdalsområdet er negative til ei utbygging av Langvassåni og Pytten kraftverk. Me kan ikkje sjå at prosjektet oppfyller vilkåra stilt i naturmangfaldlova § 48 for å kunne dispensere frå verneforskriftene.

Arbeidutvalet syner elles til saksutgreiinga.



SAK 13/16

Endring av vald SA1, Bykle

| Utval | Møtedato | Sakshandsamar: |
|--------------------------------|----------|----------------|
| Arbeidsutvalet i villreinnemda | 06.05.16 | Jarle Lunde |

Bakgrunnsdokument

- Søknad med vedlegg (vedlegg)
- [Forskrift om forvaltning av hjortevilt](#)

Bakgrunn

Etter ein jordskiftedom i 2015 blei eit omtvista areal ved Auversvatn tilkjent A/S Setesdalen. Det blir søkt om at dette arealet, 1400daa, blir teljande areal i SA1, Bykle kommune.

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt §26 er det villreinnemda som godkjenner vald og eventuelle endringar i vald. §23-§25 i forskrifta tar for seg kva krav som vert stilla for godkjenning av vald og kva opplysningar søknaden skal innehalde.

Vurdering

Søknaden verkar å tilfredsstille dei krava som forskrifta sett. I følgje hjorteviltregisteret er valdet i dag registrert med 97599 daa. Med ein auke på 1400 daa blir valdet no på 98999 daa.

Framlegg til vedtak

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 26 godkjenner villreinnemda endring av vald SA1 i Bykle i tråd med søknad. Teljande areal blir 98999 daa.

Saksprotokoll, arbeidsutvalet i villreinnemda – 06.05.16

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

Vedtak

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 26 godkjenner villreinnemda endring av vald SA1 i Bykle i tråd med søknad. Teljande areal blir 98999 daa.

Part i saka:

Sondov Bjåen



SAK 14/16

Nye grenser mellom vald SE-06 Haukelidsæter og SE-05 Haukelid

| Utval | Møtedato | Sakshandsamar: |
|--------------------------------|----------|----------------|
| Arbeidsutvalet i villreinnemda | 06.05.16 | Jarle Lunde |

Bakgrunnsdokument

- Søknad (vedlegg)
- Retting av grensa mellom 92/3 og 99/9, Vinje (vedlegg)
- [Forskrift om forvaltning av hjortevilt](#)

Bakgrunn

Det har vore retting av grensa mellom eigendom 92/3 og 99/9 i Vinje kommune. Det er bakgrunn for at det blir søkt om endring av vald Vinje SE-06 Haukelidsæter.

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt §26 er det villreinnemda som godkjenner vald og eventuelle endringar i vald. §23-§25 i forskrifta tar for seg kva krav som blir stilt for godkjenning av vald og kva opplysningar søknaden skal innehalde.

Vurdering

Søknaden verkar å tilfredsstille dei krava som forskrifta sett. I følgje hjorteviltregisteret er valdet i dag registrert med 14000 daa. Det blir no søkt om 17800 daa, ei endring på 3800 daa. Dette stemmer overeins med kartdata.

Når det blir gjennomført ei grensesetting mellom to eigedomar skulle ein tru at meirarealet til den eine eigedomen kan trekkast frå den andre. Slik oppfattar sekretären at det ikkje er i denne saka. Vinje kommune og grunneigar stadfester at det er stor usikkerhet omkring areal og eigedomsgrenser i fjellet.

Etter § 26 i hjorteviltforskrifta kan villreinnemda krevje «*at det fremmes ny søknad dersom rettighetsforhold som har betydning for godkjenningen av valdet er uklare....*». På bakgrunn av dette foreslår sekretær at grensene til valdet Vinje SE-05 Haukelid, tilsvarande eigendom 92/3, blir uendra i denne omgang, men at ein krevje ny søknad til godkjenning.

Forslag til vedtak

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 26 godkjenner villreinnemda endring av vald Vinje SE-06 Haukelidsæter i tråd med søknad. Teljande areal blir 17800 daa.

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 26 krev villreinnemda at det blir fremma ein ny søknad om vald for eigedom 92/3.

Saksprotokoll, arbeidsutvalet i villreinnemda – 06.05.16

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

Vedtak

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 26 godkjenner villreinnemda endring av vald Vinje SE-06 Haukelidsæter i tråd med søknad. Teljande areal blir 17800 daa.

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 26 krev villreinnemda at det blir fremma ein ny søknad om vald for eigedom 92/3.

Partar i saka:

Magne Haukelidsæter (99/9)
Bjørgulf Haukelid (92/3)



SAK 15/16 Referatsaker / Eventuelt

| Utval | Møtedato | Sakshandsamar: |
|--------------------------------|----------|----------------|
| Arbeidsutvalet i villreinnemda | 06.05.16 | Jarle Lunde |

Dialogmøte om Sira-Kvina revisjonen

Det blei heldt eit samordningsmøte mellom aktørar angåande vilkårsrevisjonen på Tonstad 14.april. Det er ein prosess som pågår fram mot utsett svarfrist (25/5) som tydeleggjer meir konkrete forslag til avbøtande og kompenserande tiltak enn det villreinnemda har uttalt i sin høyringssvar (6.april-16)

- [Referat](#)

Representant til verneområdets kontaktutval

Verneområdestyret for SVR oppnemnder eit rådgjevande utval for styreperioden sett saman av ein representant frå ei rekke grupper og organisasjonar. Styret skal ha minst eitt dialogmøte i året med dette utvalet. Første møte blir 24.mai.

>>> Torbjørn Fjermestad blir villreinnemda sin representant i utvalet.

Utbygging av kraftverk – høyring med frist 15. juni

Skafså Kraftverk ANS – Søknad om løyve til bygging av Borsæ og Hylebu kraftverk i Tokke kommune i Telemark.

- [Høringsbrev Borsæ kraftverk](#)
- [Konsesjonssøknad Borsæ kraftverk](#)

Sira Kvina – Søknad om å bygge om inntak i Eivindsvatn og til å bygge Eivindsvatn kraftverk i Kvinesdal kommune.

- [Konsesjonssøknad Eivindsvatn kraftverk](#)

>>> Sekretær førebud sakene til neste møte i arbeidutvalet.

Ugledalen i Valle

Fylkesmannen opphevar Valle kommune sitt vedtak av 27.05.15, sak 22/15, om detaljregulering for del av Ugledalen. Fylkesmannen sender saka tilbake til kommunen for ny handsaming.

Vedtaket i kommunen blei påklaga av Villreinnemnda i juni 2015.

- Fylkesmannens behandling

>>> Sekretær følger saka nøye.

Invitasjon til befaring

«Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har den 25.9.2015 gitt innstilling om Småkraft AS' søknad om bygging av Dalaåna og Nordåna og Øvre Dalaåna kraftverk og om Lyse Produksjon AS' søknad om overføring av tre felt fra Daladalen til Lyngsvatnet. NVEs innstilling og relevante dokumenter finnes på <https://www.nve.no/konsesjonssaker/>. Disse søkerne vil bli endelig avgjort ved kongelig resolusjon. NVEs vedtak av 25.9.2015 om å gi konsesjon til Songesand kraftverk er pålagt. Klagesaken vil bli avgjort av departementet. Departementet planlegger en felles befaring av de ovennevnte kraftutbyggingene tirsdag 31. mai og onsdag 1. juni.»

Sitat vår uttale:

«Arbeidsutvalet vil understreke trangen for vurderingar knytt til samla lastning jamfør naturmangfoldlova §10. Arbeidsutvalet saknar og ei villreinfaglig vurdering slik det er gjeven føringar om i konsekvensutgreiingsprogrammet. Ved utarbeiding av ei slik vurdering ber arbeidsutvalet om å få denne tilsendt med moglegheit for supplering av uttalen.

Ut frå opplysningane som ligg føre har ikkje arbeidsutvalet store innvendingar til Lyse Produksjon AS sine planar om overføring av vatn frå Daladalen til Lyngsvatn. Arbeidsutvalet vil likevel peike på viktigheten av at villreinen sin bruk av områda vert vurdert i eit langsiktig perspektiv der bruken bruken kan andre seg over tid.»

- Villreinnemda sin uttale

>>> Lill Sønnøve Laugaland blir med på befaringa.

Neste møte

Det vil vere behov for eit nyttelefonmøte i juni. Sekretær sender innkalling.